



## Statens vegvesen

Aukra kommune  
6480 AUKRA

AUKRA KOMMUNE	
SVNO	
Dato	02.10.2014
Arkivnr.	212
Sak. nr.	12/32-22

Behandlende enhet: Saksbehandler/innvalgsnr: Vår referanse: Deres referanse: Vår dato:  
Region midt Vidar Neraas - 71274773 2011/189587-016 2012/32-18/L12 22.09.2014

### Reguleringsplan for Mevold bustadfelt Uttale til 2. gangs offentlig ettersyn

Statens vegvesen viser til kunngjøring om 2. gangs offentlig ettersyn for reguleringsplanen for *Mevold bustadfelt*.

Statens vegvesens ansvar i planarbeidet er først og fremst knyttet til arealbruken langs fylkesveg 662. Vi har også ansvar for å sørge for at føringer i Nasjonal transportplan (NTP), Rikspolitiske retningslinjer for samordnet areal – og transportplanleggingen, vegenormalene og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringer blir ivaretatt i planleggingen. Vi uttaler oss som forvalter av fylkesveg på vegne av fylkeskommunen og som statlig fagmyndighet med sektoransvar innenfor vegtransport.

Statens vegvesen har merknader til følgende forhold:

- Manglende samsvar mellom merknadsbehandling og reguleringsbestemmelser.
- Hjørneutforming i nytt kryss med fylkesveg 662.
- Utforming av passersingslomme, og krav om rekkefølgebestemmelse.
- Justering av gang- og sykkelveg ved passersingslommen.
- Vedlegg av sekundærvegens lengdeprofil.
- Gang- og sykkelforbindelse mellom boligfeltet og busslommen på østsiden av fylkesveg 662.

#### Saksopplysninger

Formålet med planen er å legge til rette for boligbebyggelse, både frittstående og koncentrert.

Statens vegvesen fremmet innsigelse til planforslaget ved 1. gangs offentlig ettersyn på bakgrunn av manglende overordnet planlegging i et strekt pressområde i kommunen, frisiksone i krysset, krav til geometrisk utforming av krysset, rekkefølgekrav om at regulert undergang skal opparbeides iht. håndbok N100 før utbygging av området kan starte. Videre hadde vi merknader til støy og presisering av ordlyden i bestemmelsen til frisiktsonen.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region midt  
Fylkeshuset  
6404 Molde

Telefon: 02030  
Telefaks: 71 27 41 01  
firmapost-midt@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Bjørnstjerne Bjørnsons veg 6  
6412 MOLDE

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Landsdekkende regnskap  
9815 Vadso  
Telefon: 78 94 15 50  
Telefaks: 78 95 33 52

Planen er endret som følge av merknader ved 1. gangs offentlig ettersyn, og legges derfor nå ut til 2. gangs offentlig ettersyn.

### **Arealpolitiske føringer for planarbeidet**

Det er flere dokumenter som gir føringer for dette planarbeidet med tanke på areal- og transportplanlegging. Vår vurdering og uttale bygger på blant annet disse:

- Nasjonal transportplan
- Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet på veg
- Nasjonal gåstrategi
- Rikspolitiske retningslinjer for samordnet areal- og transportplanlegging
- Fylkesplan for Møre og Romsdal fylkeskommune
- Fylkeskommunens strategier; for syklende og gående, kollektiv, trafikktrygging.
- Statens vegvesens normaler, retningslinjer og veilederinger
- Miljøverndepartementets retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442)

### **Vår vurdering av planforslaget**

Vi opplyser om at mellom 1. og 2. gangs offentlig ettersyn har håndbok 017 skiftet navn til N100. Vi ber om at dette korrigeres i planen.

#### Merknad til behandling av våre innsigelser

Punktene vi fremmet innsigelse til er imøtekommet iht. merknadsbehandling, men det ene punktet er likevel ikke tatt inn i bestemmelsene. Dette gjelder punktet vedrørende geometrisk utforming av nytt krysset mellom internvegen og fylkesveg 662. I merknadsbehandlingen fremgår det at kravet om utforming av krysset iht. håndbok N100 skal inngå i reguleringsbestemmelsenes § 5. Vi kan ikke se at dette er tatt inn i bestemmelsene, og ber om at dette rettes opp slik at vår innsigelse kan trekkes. Videre presiserer vi at bestemmelsen må utformes som en rekkefølgebestemmelse, og kan utformes på følgende måte:

*Nytt kryss mellom med fylkesveg 662 skal opparbeides med geometrisk utforming iht. kravene i håndbok N100, før utbygging av boligene kan starte.*

Hjørneutformingen i krysset er ikke utformet iht. kravene i håndbok N100. Et kryss her må dimensjoneres for lange kjøretøy, og ha en hjørneavrunding på R=9. Dette må rettes opp i plankartet.

Internvegens lengdeprofil bør også vedlegges som et temakart til reguleringsplanen, for å synliggjøre sekundærvegens stigningsforhold inn mot krysset.

#### Passeringslomme

Det er gjennomført noen endringer i kryssområdet etter at planforslaget lå ute til 1. gangs offentlig ettersyn. Det er bl.a. regulert inn en passeringslomme på nordsiden av krysset, uten at dette er nevnt i planomtale eller saksfremlegg.

Dessverre ble ikke behovet for passeringslomme bemerket i vår uttale i forbindelse med 1. gangs offentlig ettersyn. Trafikksituasjonen i Julsundet er noe spesiell, da ferjetrafikken genererer et pulserende trafikkmønster, i tillegg til en relativt stor trafikkmengde.


Ferjetrafikanter har også en mer stresset trafikkatferd. Et scenario er dersom trafikanter som

kommer fra sør skal svinge av til boligfeltet, og møter ferjekøen fra Hollingen mot Molde. Dette kan medføre stans i nordgående trafikk og trafikkfarlige situasjoner.

Vi mener passeringsslommen må bygges ut før det kan tillates boligutbygging innenfor planområdet, og fremgå som en rekkefølgebestemmelse i planen, som kan utformes på følgende måte:

*Regulert passeringsslomme skal opparbeides iht. kravene i håndbok N100, før utbygging av boligene kan starte.*

Passeringsslommen er ikke utformet iht. kravene i håndbok N100. Målt i plankartet er passeringsslommen regulert med en bredde som varierer fra ca. 2,5- 3,5 meter, over en lengde på 90 meter. Innkjøringen er ca. 10 meter og utkjøringen er ca. 10 meter. Dette gir en total lengde på 110 meter. Iht. håndbok N100 skal inn- og utkjøring utformes med en lengde på 1:10. Dvs. at når bredden på passeringsslommen er 3,5 meter, skal innkjøringen være 35 meter og utkjøringen 35 meter. Med passeringsfeltets lengde på 30 meter skal totalt lengde være på 100 meter. Passeringsslommen skal forskyves i forhold til krysset, slik at 2/3 deler av lengden er før krysset og 1/3 er etter. Se utforming og passeringsslommers plassering i forhold til krysset i figuren under.



Videre må ikke passeringsslommen ligge helt inntil gang- og sykkelvegen, slik planforslaget viser. På veger med tillatt kjørefart på 80 km/t må avstanden mellom passeringsfelt og gang- og sykkelveg være minimum 3 meter, kant i kant.

I forbindelse med etablering av passeringsslommen på østsiden av fylkesveg 662 må driftsavkjørselen saneres. Vegen er regulert som gang- og sykkelveg i reguleringsplanen, og er tilknyttet eksisterende gang- og sykkelveg.

#### Gangforbindelse

Myke trafikanter har tilgang til eksisterende busslomme på østsiden av fylkesveg 662, via undergangen og eksisterende gang- og sykkelveg.

Planområdet strekker seg derimot ikke langt nok sørover til å omfatte eksisterende busslomme, på vestsiden av fylkesvegen. For å sikre trygg atkomst for myke trafikanter til denne busslommen må planområdet utvides sørover, og det må reguleres inn en gang- og sykkelveg som knytter boligfeltet til busslommen. Det må videre fremgå som en rekkefølgebestemmelse i planen at gangforbindelsen må etableres før boligutbyggingen kan starte.

Vi ser denne løsningen som fordelaktig også for eksisterende bebyggelse, da tilknytning mellom feltene gir eksisterende bebyggelsen tilgang til planskilt kryssing av fylkesvegen, via regulert undergang. Vi imøteser gjerne en dialog med regulant for å komme frem til en løsning på dette.

#### Annen veggrunn

Langs vegene er det ikke regulert annen veggrunn. For å sikre areal til vegens sideareal må det reguleres et belte på minimum 3 meter fra vegkant, til annen veggrunn.

#### **Konklusjon**

Punktene vi fremmet innsigelse til ved 1. gangs offentlig ettersyn er tatt til følge, med unntak av manglende gjenspeiling av bestemmelsen vedrørende geometrisk utforming av nytt kryss. Denne bestemmelsen må utformes som en rekkefølgebestemmelse, slik at nytt kryss bygges ut forskriftsmessig før boligutbyggingen kan starte.

Vedrørende passerslommen ved nytt kryss, og gangforbindelse til busslommen på vest siden av fylkesveg 662, er dette forhold som dessverre ikke ble bemerket i forbindelse med 1. gangs offentlig ettersyn. Vi har derfor ikke anledning til å fremme innsigelse på disse punktene i denne omgang. Vi ber likevel om at våre merknader følges opp i planen.

De plantekniske merknadene vedrørende utforming av kryss og passerslommen, samt justering av gang- og sykkelveg ved passerslommen og regulering av annen veggrunn, ser vi som lite problematisk å imøtekommе. Regulering av gang- og sykkelvegforbindelse mellom boligfeltet og busslommen ser vi derimot kan møte noen interessekonflikter og imøteser gjerne en dialog for å komme frem til en løsning på dette.

Plan- og trafikkseksjonen

Med hilsen

Gitte Beiermann

Konstituert seksjonssjef

Vidar Neraas

Kopi: Fylkesmannen i Møre og Romsdal, HER  
Møre og Romsdal fylkeskommune, HER



# Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Saksbehandlar, innvalstelefon  
overingeniør Kristin Eide, 71258135

Vår dato  
02.10.2014  
Dykkar dato  
21.08.2014

Vår ref.  
2012/4010/KREI/421.4  
Dykkar ref.

Aukra kommune  
Aukraringen 25  
6480 AUKRA

AUKRA KOMMUNE	
SVNO	
.....	
Dato	06.10.14
Arkivnr.	L12
Sak. nr. 12132-23	

## Aukra kommune

### Reguleringsplan Mevold bustadfelt - del av gnr20 bnr1 Andre gongs offentleg ettersyn - motsegn

Fylkesmannen viser til Dykkar brev av 21.08.2014, der reguleringsplan for Mevold bustadfelt blir lagt ut til offentleg ettersyn, etter vedtak i Drifts- og arealutvalet 20.08.2014. Vi har ut frå våre ansvarsområde følgjande merknader:

#### Generelt

Fylkesmannen hadde motsegn knytt til støy frå fv. 662, samt barn og unge sine interesser i fråsegn av 21.05.2014.

Kommunen har no gjort grep som betre tilpassar vegføring med terrenget, men ikkje funne ein meir dempa plassering av den konsentrerte utbygginga på C1.

#### Natur- og miljøvern

I vår fråsegn av 21.05.2014 hadde Fylkesmannen motsegn til at støytihøva ikkje var utgreidd i samsvar med retningsliner T-1442/2012, samtidig som det også var påpeika at naudsynte støytiltak ikkje var innarbeidd i planen.

Støytihøva er fortsatt ikkje utgreidd i samsvar med støyretningsliner T-1442/2012, dvs. det ligg ikkje føre ein støyfagleg utgreiing som kan danne grunnlag for støytiltak for bustadfeltet. Naudsynte støytiltak er heller ikkje innarbeidd i sjølve plankartet. Krav om støyvoll i føresegna pkt. 5.1 kulepunkt 4 som støytiltak mot fylkesveg 662 innfrir ikkje våre krav, og motsegna står ved lag. Vidare står det i føresegna at «*Det iverksettes ytterligere tiltak, dersom det er nødvendig for å ivareta myndighetenes krav til støyberegning*». Med dette reknar vi med at naudsynt utgreiing av støytihøva kjem på plass og vert innarbeidd i planen.

Vurdering etter naturmangfaldsloven §§ 8-12 ligg no føre, som svar på vår fråsegn av 21.05.2013.

#### Barn og unge

Vi er nøgd med at leikeplassen for bustadfeltet er flyttet til eit område som ikkje er utsatt for støy. Leikeplassen ligg no lokalisert i grense til skog, og er også meir skjerma for biltrafikken inn og ut av bustadfeltet. Fylkesmannen trekkjer dermed motsegna knytt til leikeplass og støy.

Vi er nøgd med at det av føresegna går fram at leikeområdet skal vere opparbeidd før innflytting av dei første bustadane. Med opparbeiding er det meint at arealet til leikeplass er ferdig planert og isådd. Vi rår til at det som eit minimum også blir satt krav om at sandleikeplass blir opparbeidd før innflytting av første bustadhус.

**Konklusjon**

Fylkesmannen har fortsatt motsegn til planen ut frå at støytilhøva ikkje er utgreidd for reguleringsplanen.

Leikeplassen er flyttet til meir eigna lokalitet i feltet, og Fylkesmannen kan dermed trekke si motsegn knytt til barn og unge sine interesser.

Med helsing

Rigmor Brøste (e.f.)  
ass.fylkesmann

Jon Ivar Eikeland  
fung. samordnar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

**Kopi:**

Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde  
Statens vegvesen, Region midt, Fylkeshuset, 6404 Molde



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

Aukra kommune

6480 AUKRA

FYLKESRÅDMANNEN

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
2012/32-18/L12	21.08.2014	56898/2014/REGULERINGSPLAN/1547	Anders Røynstrand, 71 25 89 90	07.10.2014

## **Aukra kommune - detaljregulering - reguleringsplan for Mevold boligfelt - offentleg ettersyn (2. gong) - motsegn**

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

### **Planfagleg vurdering**

Fylkesrådmannen konstaterer at Aukra kommune ønskjer «eit parallelt løp» med Kommuneplanrevisjon og detaljregulering i området. Ettersom kommuneplanen endå ikkje er lagt ut til offentleg ettersyn meiner vi framleis at sluttbehandling av reguleringsplanen bør vente til eit kommuneplanforslag er politisk behandla og ein har fått eit bilete av merknader til arealbruken i Julsundet frå innbyggjarar og høyringsinstansar.

Fylkesrådmannen har tidlegare peika på at planen ikkje har hatt ein prosess med full konsekvensutgreiing og planprogram, og at det er forvirrande når «konsekvensanalyse» er nytta som overskrift i planomtalens, med tilvising til KU-forskrifta m.m. Ein kan heller bruke «Virkninger av planforslaget» e.l. som overskrift for beskriving av verknader planforslaget har for ulike tema.

Det er også anbefalt med ei opprydding i planomtalens, slik at det tydelegare blir skilt mellom kva som er dagens status i området, generelt og tematisk, og kva som er verknader av ei utbygging. Dokumentet har no tekstbolkar, t.d. for tema barn og unge, som blir repetert nærmast ordrett opptil tre gonger gjennom dokumentet. Dette er både unødvendig og forvirrande.

Til sist peikar vi på at planomtalens i stor grad ber preg av å vere eit partsinnlegg frå tiltakshavar, men formuleringar som "vi vil", "vi ser det slik". Planomtalens skal vere ei nøytralt og nøktern skildring av planframlegget. Kommunen er ansvarleg for planframlegg til offentleg ettersyn og planomtalens gir slik han er utforma, inntrykk av at kommunen overlet alle vurderingar til tiltakshavar utan sjølv å ta stilling.

Gitt at planen er etter måten lite komplisert, og at verknader trass i alt er gjort greie for, vel vi under tvil å ikkje reise motsegn på planfagleg grunnlag.

### **Automatisk freda kulturminne**

Som nemnt i tidlegare uttale til planforslaget vil det vere behov for ei arkeologisk registrering i planområdet. Denne registreringa må gjennomførast før planen eventuelt kan godkjennast, jf. § 9 i kulturminneloven. Av plandokumenta går det fram at tiltakshavar vil ta kontakt for å få gjennomført dette arbeidet snarleg. Inntil registrering er utført pliktar fylkeskommunen likevel formelt å reise **motsegn** til planforslaget.

### **Samferdsel**

Revidert planforslag har rekkefølgjeføresegn om opparbeiding av undergang under fv. 662 før utbygging av bustader i området kan starte. Vår merknad fra første offentlige ettersyn er med dette imøtekomen, og fylkeskommunen kan trekke motsegn knytt til dette. Fylkesrådmannen viser elles til merknader fra Statens vegvesen når det gjeld teknisk utforming av samferdsleinfrastruktur.

### **Barn og unge**

Planforslaget har endra tilrettelegging for barn og unge, ved at det større, sentrale «grønne» arealet er flyttet til ei plassering mindre utsett for støy og trafikk. Arealet er også no regulert spesifikt til uteoppholdsareal, og det er sett krav til opparbeiding før innflytting av første bustader. Vi ser positivt på dette.

Ved første offentlige ettersyn peika vi på eit behov for tilrettelegging av nærlikeplass i tilknyting til område C1, då avstanden til det store uteoppholdsarealet er noko stor for dei minste borna. I planforslaget er det no tatt inn i føresegnene at frimrådet ved C1 kan opparbeidast som leikeplass. Vi meiner at det med fordel kunne ha vore uttrykt eit krav til leikeplass her, men vurderer at planforslaget samla sett er godt nok til at vi kan trekke motsegn m.o.t. barn og unge sine interesser. Vi legg til grunn at Aukra kommune vurderer nærmare krav om tilrettelegging ved område C1 i samband med byggesak.

### **Konklusjon**

Planforslag for Mevold boligfelt er ved 2. gongs offentlige ettersyn endra slik at fylkeskommunen kan trekke motsegner knytt til samferdselsløysingar og barn og unge sine oppvekstvilkår. Fylkesrådmannen viser likevel til tilrådd utbetring over.

Fylkesrådmannen gjer merksam på at arkeologisk registrering må gjennomførast før planen kan godkjennast. Formell motsegn på dette punktet vil bli trekt av plansamordnar/fylkeskonservator når registrering er gjennomført og området eventuelt frigitt.

Med helsing

Ottar Brage Guttelvik

### Fagsaksbehandlar

Automatisk freda kulturminne: fylkeskonservator Bjørn Ringstad, tlf. 71 25 88 41

Kopi:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal  
Statens vegvesen, Region midt